



Radøy kommune
 Radøyvegen 1690
 5936 Manger
 Dykkar ref: 16/162 – 17/14013

Saknr.: 17-019 **Kommune:** Radøy **gbnr.** **Gardsnamn:** Kommunedelplan for Bø

Varsel om høyring og ettersyn og oppheving av eldre reguleringsplanar – instansar

Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsendar/mottakar	Planstatus	Saksh.
	Inn	13.11.2017	Radøy kommune v/ Rolf Raknes	Varsel om høyring og ettersyn og oppheving av eldre reguleringsplanar - instansar	H.O.K

NGIR mottatt varsel om høyring og ettersyn, og har følgjande merknader:

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Radøy kommune (og NGIR området forøvrig) har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. I tillegg er det viktig at tilkomstvegen – til hentestaden – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta den. Hentestadar bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestad, alternativt må ein ha gjennomkøyringsveg (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadar. Tilkomstveg og snuplass bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 15. november 2017

Henrik O. Kjøpstad

Henrik O. Kjøpstad
 -kunderådgjevar -